


## Periodeplan 2023-2026



## 1. Kort om periodeplan 2023-2026

Utviklingsavtalen med Kunnskapsdepartementet (KD) er NTNU sitt viktigaste strategidokument for dei kommande fire åra. Avtalen består av område som NTNU vil prioritere i perioden 2023-2026 for å realisere *Kunnskap for ei betre verd*.

I S-sak 21/22 vedtok styret at NTNU sin årsplan erstattast av ein periodeplan kor både mål og planperiode er lik som NTNU sin utviklingsavtale med KD. Utviklingsavtalen er forankra i NTNU sin strategi og gjengjeve i tildelingsbrev frå Kunnskapsdepartementet.

Det viktigaste formålet til periodeplanen er å avklare og dokumentere kommande års prioriteringar og oppgåver for leiarar og medarbeidarar. Periodeplanen er endringsfokusert, beskriv utviklingsarbeid og omtalar det vi i fellesskap skal prioritere og løfte i åra som kjem.

Periodeplanen inneheld ei overordna fordeling av budsjetttramme for kommande år.


Det er eit mål for NTNU å gjennomføre utviklingsavtalen systematisk og koordinert, og Rektor vektlegg at arbeidet i planprosessen koordinerast mellom nivåa. Samanhengen i planverket er avgjerande for å sikre at NTNU sitt planverk er mogeleg å gjennomføre at totaliteten av planer dekker behovet for tiltak for å nå måla.

Rektor si tilnærming til gjennomføring av avtalen er at: *alle skal ikkje gjere alt, og alt kan ikkje gjerast samtidig*. Sjølv om måla i utviklingsavtalen gjeld for heile perioden, skal difor innsatsen periodiserast, noko som gjerast ved at planen rullerast årleg. Gjennom eigne periodeplanar skal fakulteta og museet vise kor og korleis dei innanfor utviklingsavtalen skal bidra til måloppnåing. For å sikre koordinering av innsats innanfor avtalens område, gjev Rektor årlege føringar i tildelingsbrev til einingane, som viser kva for område det særleg ventast innsats innanfor i inneverande år. Dette vil og vere gjennomgangstema i styringsdialogen med einingane.

Knytt til kvar styringsparameter i utviklingsavtalen beskriv vi handlingsorienterte punkt som utdjupar styringsparametene ved å vise kva NTNU skal gjennomføre i avtaleperioden. Dette er punkt som ikkje er ein del av utviklingsavtalen mellom NTNU og KD, og er av den grunn skreve i blått.

Alle einingar ved NTNU skal bidra til at NTNU når måla sine, og fakultet og Vitskapsmuseet (VM) melder årleg inn sine bidrag til avtalen. Einingane sine planar kan og innehalde lokale prioriteringar. NTNU sine fellesprioriteringar skal synast tydeleg i alle einingane sine planar, slik figuren synar.

Rektor har det overordna ansvaret for gjennomføring av periodeplanen og rapporterer tertialvis til styret ved NTNU.



## Utviklingsplanar

I arbeidet mot dei tre måla i utviklingsavtalen har NTNU nokre sentrale utviklingsplanar som operasjonaliserer og syner tiltak til innsatsen som skal til. Desse er:

- Internasjonal utviklingsplan 2022–2025
- Utviklingsplan for auka samspel, innovasjon og samfunnseffekt (2019-2023)
- Utviklingsplan for miljø (2020-2023)
- Utviklingsplan for likestilling og mangfald (2023-2025)
- Utviklingsplan for open vitskap (2023-2025)

## 2. Mål og styringsparametre for NTNU i perioden 2023 - 2026

### Mål 1: NTNU skal utvikle si rolle som pådrivar og partnar for berekraftig samfunnsutvikling

NTNU har samarbeid med arbeidsliv, styremakter og andre akademiske miljø, og dette vil stadig vidareutviklast for å vere relevant som partnar og premissleverandør for samfunnsutviklinga. NTNU er eit breiddeuniversitet med ein teknisk-naturvitenskapleg hovudprofil, og eit tyngdepunkt innan profesjonsutdanning. NTNU vil ha høg kvalitet og relevans innan alle sine fagområde, og utdanne kandidatar med kunnskap og kompetanse til å bidra til berekraftig samfunnsutvikling. Med tverrfagleg tilnærming til ny kunnskap vil NTNU nytte og vidareutvikle sitt potensial for innovasjon med utspring frå forsking, og arbeide for at kunnskap vert teke i bruk. NTNU vil gjennom dette bidra til langtidsplanen for forsking og høgare utdanning.

- Utdanningsaktiviteten ved NTNU skal vere forskingsbasert, framtidssretta, relevant for samfunnet og gi kandidatar som både bidreg til og kan vere pådrivarar for samfunnsutvikling i tråd med berekraftsmåla til FN. NTNU vil utdanne fagleg sterke kandidatar som er tverrfagleg orienterte og godt førebudd på eit arbeidsliv i kontinuerleg endring.
- NTNU vil bidra til å møte framtidige kompetansebehov i samfunnet, og utvikle etter- og vidareutdanningstilbod i samspel med arbeidslivet. Utdanningar ved NTNU skal gje kandidatane eit godt grunnlag for å tilegne seg ny kunnskap og kompetanse.
- For å utvikle neste generasjons studiar innan teknologi, humaniora og samfunnsfag vil NTNU iverksette tilrådingar frå prosjekta Framtidas teknologistudiar og Framtidas HUMSAM-studiar. Dei store samfunnsutfordringane, arbeid med berekraftsmåla til FN og framtidige kompetansebehov ligg til grunn for arbeidet.
- NTNU utviklar og formidlar innovative og berekraftige løysingar og teknologiar, bidreg til å utvikle og omstille eksisterande næringsliv og offentleg sektor og til å skape det nye næringslivet med utgangspunkt i idear og forskingsresultat frå tilsette og studentar. Med tverrfagleg tilnærming til komplekse problemstillingar vil NTNU bidra til ny kunnskap og innovative løysingar. Samarbeid med arbeids- og samfunnsliv er eit sentralt verkemiddel for nyskaping, kvalitetsutvikling og relevans.
- NTNU vil nytte eigen infrastruktur, organisering og drift som laboratorium for utvikling og implementering av berekraftige løysingar, og demonstrere at ei verksemd som NTNU kan drivast med høg kvalitet innanfor miljøvennlege rammer.

#### Styringsparameter 1:

NTNU nytter hovudprofilen og den faglege breidda til å utdanne kandidatar med berekraft- og omstillingskompetanse

#### NTNU skal i avtaleperioden:

- tydeleggjere relevante berekraftsperspektiv i utdanningane.
- utvikle fleire tverrfaglege studietilbod og gje studentane innsikt i tverrfagleg samhandling gjennom læringsaktivitetar som kryssar fag- og profesjonsgrenser.

**Styringsparameter 2:**

NTNU styrkar tilbodet om livslang læring

**NTNU skal i avtaleperioden:**

- opprette og dimensjonere fleksible utdanningstilbod tilpassa behov i samfunnet og i arbeidslivet.
- utforske og utvikle nye leveranseformar og tilbod som møter behova for desentralisert og fleksibel utdanning.

**Styringsparameter 3:**

NTNU gjennomfører Framtidas teknologistudiar og Framtidas HUMSAM-studiar

**NTNU skal i avtaleperioden:**

- iverksette tilrådingar frå prosjekta Framtidas teknologistudiar og Framtidas HUMSAM-studiar.

**Styringsparameter 4:**

NTNU skaper innovasjon, utvikling og omstilling ved at forskingsbasert kunnskap og ny teknologi blir tatt i bruk.

**NTNU skal i avtaleperioden:**

- vidareutvikle og utvide samarbeid og partnarskap med arbeids- og samfunnsliv.
- delta aktivt i Sentra for forskingsbasert innovasjon (SFI), Sentra for miljøvennleg energi (FME), og i næringsklynger og -parkar.
- vidareutvikle forskningsresultat og idear frå tilsette og studentar for realisering av nyt næringssliv gjennom kommersialisering.

**Styringsparameter 5:**

NTNU skal vere eit føregangsuniversitet for berekraft i eiga drift

**NTNU skal i avtaleperioden:**

- nytte eigen infrastruktur, organisering og drift som laboratorium for utvikling og implementering av berekraftige løysingar.
- arbeide systematisk med å redusere eige klimafotavtrykk, og demonstrere at ei verksemd som NTNU kan drivast med høg kvalitet innanfor miljøvennlege rammer.

## Mål 2: NTNU skal styrke lærings- og arbeidsmiljøet og utvikle tilsette sin kompetanse

NTNU vil ta vare på og forbetre læringsmiljøet for studentane, og vil gjennom høg utdanningskvalitet utdanne gode kandidatar som bidreg til å utvikle samfunn og arbeidsliv. Den fysiske utforminga av universitetsområda og den digitale infrastrukturen er viktig for studiemiljøet og for at NTNU skal utvikle gode og framtidsretta lærings- og arbeidsmiljø. NTNU vil vere ein attraktiv og profesjonell arbeidsgjevar som legg til rette for at tilsette får utvikle seg gjennom heile karriereløpet og realisere sitt faglege potensial.

- NTNU vil at studie- og læringsmiljøa skal vere attraktive og anerkjende for sin høge kvalitet, og at studentane skal ha eit godt og inkluderande læringsmiljø som bidreg til trivsel og god læring. Utvikling av læringsmiljø er ein del av arbeidet med å utvikle høg kvalitet i utdanningane.

- NTNU vil gjennom strategisk utvikling av den fysiske og digitale infrastrukturen legge til rette for framtidsretta utdannings-, innovasjons- og forskingsaktivitet med gode faglege og sosiale kvalitetar, og hybride arbeidsformer for studentar og tilsette.
- NTNU vil forsterke sin attraktivitet og faglege styrke gjennom meir systematisk tilnærming til rekruttering, kompetanseutvikling og strukturerde gode karriereløp for tilsette. NTNU vil tilby sine tilsette føreseielege rammer og gi moglegheit til god kompetanse- og karriereutvikling.

**Styringsparameter 6:**

NTNU styrker læringsmiljøet til studentane for å legge til rette for auka læring og trivsel

NTNU skal i avtaleperioden:

- arbeide for å ivareta studentar, og sikre god fagleg og sosial integrering.
- bidra til at studentfrivilligheita ved dei tre campusane vert ytterlegare styrka.

**Styringsparameter 7:**

NTNU utviklar attraktive campusar og infrastruktur som bidreg til framifrå lærings- og arbeidsmiljø og høg fagleg kvalitet

NTNU skal i avtaleperioden:

- prioritere strategisk utvikling av den fysiske og digitale infrastrukturen.
- arbeide vidare for universelt utforma fysisk og digital infrastruktur som legg til rette for studentaktiv læring og eit inkluderande og framifrå studiemiljø.
- ivareta og utvikle fasilitetar og forskingsinfrastruktur i toppklasse, som innbyr til partnarskap og samarbeid.
- etablere felles læringsareal for ulike fagområde som ein del av campussamling i Trondheim.

**Styringsparameter 8:**

NTNU arbeider systematisk for å utvikle tilsette sin kompetanse og karriere

NTNU skal i avtaleperioden:

- vidareutvikle kultur for god forskings-, utdannings- og personalleiing, mangfold og arbeidsdeling.
- utvikle eit rammeverk for kompetanseutvikling for vitskapeleg tilsette, som dekkjer utdanning, forsking, innovasjon og formidling.

### Mål 3: NTNU skal utvikle seg som leiande, internasjonalt universitet

NTNU vil ta del i den internasjonale teknologi- og kunnskapsfronten og ønskjer å samarbeide breitt internasjonalt og auke utnyttinga av verkemidla til EU for forsking, innovasjon og utdanning. Gjennom open vitskap, akademisk fridom, deltaking i offentleg debatt og kunnskapsbaserte grunnlag for avgjersler, vil NTNU bidra til å fremme utvikling i tråd med berekraftsmåla til FN. NTNU vil prioritere arbeid med mobilitet og rekruttering som sikrar mangfold, kvalitet, og innsikt i globale problemstillingar.

- NTNU ønskjer fleire grupper som bidreg aktivt i forskingsfronten og er anerkjende for høg vitskapeleg kvalitet.
- NTNU vil vere eit attraktivt universitet for vitskapsfolk frå heile verda og ein attraktiv internasjonal partner for forskings-, innovasjons- og utdanningssamarbeid.

- NTNU vil engasjere seg i å løyse globale utfordringar og bidra til å fremje utvikling i tråd med berekraftsmåla til FN.
- Internasjonal mobilitet og rekruttering gir auka kvalitet i den faglege verksemda til NTNU. Tilsette skal vere aktive deltakarar i det internasjonale fagfellesskapet og delta på ulike internasjonale arenaer.

**Styringsparameter 9:**

NTNU legg til rette for at vesentleg fleire faggrupper etablerer seg på eit dokumentert høgt internasjonalt nivå

NTNU skal i avtaleperioden:

- vidareutvikle fleire framifrå faggrupper i større breidde av verksemda.
- auke deltaking og gjennomslagskraft i kvalitetsbaserte forskingskonkuransar, spesielt internasjonale toppforskningsverkemiddel og nasjonale senterordningar.

**Styringsparameter 10:**

NTNU utviklar og styrkar samarbeid og partnarskap med internasjonalt leiande fagmiljø

NTNU skal i avtaleperioden:

- legge til rette for at forskargrupper ved NTNU skal vere aktive i det internasjonale forskingsfellesskapet og utvikle kunnskap i samarbeid med strategiske nasjonale og internasjonale partnarar.
- ta leiarrolla i store fellesskap og nettverk innan forsking, utdanning og innovasjon.

**Styringsparameter 11:**

NTNU utviklar og deler kunnskap og teknologi som bidreg til å møte globale utfordringar

NTNU skal i avtaleperioden:

- utvikle kunnskapsbaserte løysingar på globale utfordringar i samarbeid med det internasjonale forskingsfellesskapet.
- vidareutvikle prioriterte partnarskap med universitet i Det globale sør.
- bidra til å utvikle open vitskap for å fremje utvikling i tråd med berekraftsmåla til FN.

**Styringsparameter 12:**

NTNU stimulerer til internasjonal mobilitet og rekruttering som sikrar mangfold og kvalitet

NTNU skal i avtaleperioden:

- rekruttere, behalde og knytte til seg gode internasjonale vitskaplege tilsette.
- arbeide for at studentar ved NTNU møter internasjonale perspektiv i si utdanning.
- auke studentutvekslinga til og frå NTNU.

### 3. Rammefordeling

Prinsippa i rammefordelingsmodellen (RFM) er følgt for å fordele løvvinga til fakulteta og Fellesadministrasjonen. Tabell 1 viser hovufordelinga av løvvinga for 2023. Ytterlegare spesifikasjon om dei ulike områda følger under.

<i>Gitt i 1000 kroner, faste 2023-kroner</i>	<b>2022</b>	<b>Nominell endring</b>		<b>2024</b>	<b>2025</b>	<b>2026</b>
Ramme drift fakultetene og VM	4 529 260	4 511 075	-	18 184	4 558 090	4 528 539
Ramme enheter i fellesadministrasjonen	1 505 442	1 594 053		88 611	1 500 712	1 497 059
Andre fellestiltak, ramme drift	297 265	245 215	-	52 050	318 235	326 025
<b>Sum driftsrammer (RD)</b>	<b>6 331 966</b>	<b>6 350 344</b>		<b>18 377</b>	<b>6 377 038</b>	<b>6 351 622</b>
Ramme rekrutteringsstillingar (RRS)	564 298	562 669	-	1 629	572 332	566 462
Ramme strategi- og omtillingsmidler (RSO)	492 980	486 061	-	6 919	485 732	479 342
<b>Sum rammefordeling</b>	<b>7 389 244</b>	<b>7 399 074</b>		<b>9 830</b>	<b>7 435 102</b>	<b>7 397 427</b>
Usikkerhetsmargin	61 800	46 981	-	14 819	67 428	59 547
Felles investeringsmidler	100 940	100 940		-	100 940	100 940
<b>Rammebevilgning fra KD</b>	<b>7 551 984</b>	<b>7 546 995</b>	<b>-</b>	<b>4 989</b>	<b>7 603 470</b>	<b>7 557 914</b>
						<b>7 510 274</b>

#### Ramme drift (RD): Fakulteta si ramme

Tabellen under viser utviklinga per fakultet frå 2022 til 2023, fordelt på dei ulike elementa i RFM. Fakulteta si SO- løvving kjem i tillegg. Som tabellen syner, delar fakulteta si løvving seg på dei tre elementa basisløvvinga, utdannings- og forskingsinsentiv. Dei to sistnemnde utgjer fakulteta si resultatløvving. Endringa i resultatløvving kan sporast tilbake til endring i dei underliggende produksjonsindikatorane.

I den samla ramma til ordinær drift ved fakulteta ligg det ein nedgang frå 2022 til 2023 på 18 millionar kroner. Årsaka til nedgangen er i stor grad ulike inntrekk over statsbudsjettet. Den resultatbaserte løvvinga er basert på aktiviteten i 2021.

<i>Gitt i 1000-kr, faste 2023-kroner</i>	<b>År</b>	<b>Utdannings- Forsknings- insentiv</b>			<b>Endring 2022 - 2023</b>
		<b>Basisbevilgning</b>	<b>insentiv</b>	<b>Sum</b>	
AD	2022	88 814	86 531	10 853	186 198
AD	2023	85 900	92 252	12 602	190 754
HF	2022	205 723	130 994	28 421	365 138
HF	2023	199 853	138 643	28 074	366 570
IE	2022	421 728	332 031	96 384	850 143
IE	2023	408 245	321 594	110 096	839 935
IV	2022	356 009	189 108	171 525	716 641
IV	2023	342 383	195 663	181 332	719 378
MH	2022	335 965	274 628	133 687	744 280
MH	2023	326 770	276 649	110 401	713 820
NV	2022	281 518	125 166	123 655	530 339
NV	2023	270 002	133 729	139 112	542 842
SU	2022	435 507	262 781	58 059	756 347
SU	2023	430 884	268 232	53 257	752 373
ØK	2022	122 680	134 465	26 159	283 304
ØK	2023	121 426	140 856	26 503	288 785
VM	2022	84 688	-	12 182	96 869
VM	2023	82 051	-	14 567	96 618
<b>Fakultetene og VM</b>	<b>2022</b>	<b>2 332 632</b>	<b>1 535 704</b>	<b>660 924</b>	<b>4 529 260</b>
<b>Fakultetene og VM</b>	<b>2023</b>	<b>2 267 512</b>	<b>1 567 618</b>	<b>675 945</b>	<b>4 511 075</b>
<b>Samlet endring</b>	<b>-</b>	<b>65 119</b>	<b>31 914</b>	<b>15 021</b>	<b>- 18 184</b>

## Ramme drift (RD): Fellesadministrasjonen og andre fellestiltak

Denne posten inneholder drift av Fellesadministrasjonen, og en rekke fellestiltak som gjelder hele NTNU. Tabellen under viser fordelingen av rammene til Fellesadministrasjonen og andre fellestiltak.

<i>gitt i 1000 kroner, faste 2023-kroner</i>	<b>2022</b>	<b>2023</b>	<b>Nominell endring</b>	<b>Endring i %</b>
Enhetene i Fellesadministrasjonen	1 505 442	1 594 053	88 611	6 %
Andre fellestiltak	297 265	245 215	-52 050	-18 %
Usikkerhetsmargin	61 800	46 981	-14 819	-24 %
<b>Felles investeringsmidler</b>	<b>100 940</b>	<b>100 940</b>	-	0 %

I ramma for einingane i Fellesadministrasjonen er det ei nominell endring på 89 millionar kroner fra 2022 til 2023<sup>1</sup>.

## Finansiering av drift og vedlikehald

Drift og vedlikehald av våre bygg og eigendomar finansierast i hovudsak gjennom internhusleigeordninga. I tillegg finansierer vi enkeltprosjekt som rehabilitering av Kjemiblokk 5 med bruk av felles investeringsmidlar.

I internhusleigeordninga ligg det insentiv for fakulteta til å forvalte bruken av areal meir kostnadseffektivt, då fakulteta betalar internhusleige basert på faktisk brukt areal. I tillegg ligg det ei basis løyving knytt til eksterne husleigekostnadar. Internhusleigekostnaden for 2023 er justert for pris- og lønsvekst.

## Ramme strategi og omstilling og ramme rekrutteringsstillingar

Ramme strategi og omstilling finansierer/delfinansierer store strategiske satsingar, omstillingsaktivitetar og andre fellestiltak på NTNU-nivå. Frå og med 2022 blei ramma delt mellom: (1) Ramme strategi- og omstillingsmidlar (RSO) og (2) Ramme rekrutteringsstillingar (RRS). RSO med forankring i strategiske ambisjonar skal årleg utgjere minimum 6 % av NTNUs si rammeløyving.

For 2023 legg Rektor opp til at strategi- og omstillingstiltak (RSO) utgjer 6,4 % av NTNU si løyving fra KD. Dette svarar til 486 millionar kroner. Tiltaka støttar opp om områda som er omtala i utviklingsavtalen / denne periodeplanen.

Sjølv om KD i statsbudsjettet for 2023 oppheva ordninga med måltal for øyremerking av rekrutteringsstillingar, tildeler NTNU rekrutteringsstillingar (RRS) for 2023 på same nivå som planlagt før denne endringa vart kjend.

---


<sup>1</sup> Årsaka til dette er mellom anna at det er gjeve nokre eingangsløyvingar fra NTNU felles til dekning av IT-investeringar og kostnader knytt til forvaltning, drift og vedlikehald (FDVu) av nokre av dei nye systema som implementerast i kommande år. Dette gjer at tala ikkje kan samanliknast direkte med tidlegare år.

## 4. Risikovurdering

NTNU sitt risikobilete justerast to gongar i året og nyttast som verktøy for leiing og for å sette fokus på vesentlege utfordringar for verksemda, og moglege risikoreduserande tiltak. Overordna risikostyring på verksemensnivå skal bidra til å styrke prioritering og ressursstyring, og utfyller slik mål- og resultatstyringa ved NTNU.

Riskobiletet beskriv forhold eller hendingar som kan inntreffe og negativt påverke måloppnåinga vår. Rektor vurderer risiko i høve til sannsyn for at han inntreff, og den forventa konsekvensen han vil gi for måloppnåing for verksemda om han inntreff.

Dei identifiserte risikoane ved NTNU teiknar det overordna risikobiletet i eit 3-5 årsperspektiv. Plutselege hendingar vert handtert gjennom beredskapsplanar og meir operativt sikkerheitsarbeid. Det overordna risikobildet for NTNU ser ved inngangen til 2023 slik ut:



Tiltak knytt til gjennomføring av utviklingsavtalen med KD vil verke risikodempande på fleire av desse risikoane.

Justert risikobilete og justering av tiltak gjerast gjennom året, men ny risikovurdering leggast i denne planen først ved rullering ved årsskiftet.